

---

**Fra:** Ivar Aars [mailto:ivarars@online.no]  
**Sendt:** 8. juni 2012 09:59  
**Til:** Postmottak KUD  
**Emne:** framlegg til endring av lov om stadnamn

## Høyring ny stadnamnlov

### *Fråsegn frå årsmøte i Valdres Historielag og Valdres Bygdebok*

Stadnamn er **kulturminne og historiske minnesmerke** som høyrer bygdi og fellesskapet til. Ein grunneigar kan ikkje ha råderett over stadnamn meir enn over andre verna kulturminne. Då må vernet gjelde nedervde, gamle namn, utan omsyn til om namnet er gardsnamn, bruksnamn eller andre stadnamn.

Stadnamn må til liks med fysiske kulturminne vernast mot øydelegging. Verna bygningar og gjenstandar har lovfesta vern, noko stadnamn òg må ha. Då må skrivemåten vera slik at «**nedervd, lokal uttale**» blir nytta.

Frå Valdres kan me nemne uheldige skrivemåtar nytta også offentleg, som Heen og Hæn i Vang (Hen), Lomen og Lomenutbygging i Vestre Slidre (Lomé, Lomisutbygging), Rogne og Volbu i Øystre Slidre (Røgne og Vølbu), Hovrud i Nord-Aurdal (Håvrud), Fløgeim i Etnedal (Fløgei) og Bergan i Sør-Aurdal (Bergatn).

I **bygdebokarbeidet** syner erfaring at det blir lite strid når målføret blir er nytta. Vekslande skrivemåtar ut frå eldre dokument, varierende rettskrivingar og ulike språksyn innan våre to skriftspråk, fører derimot ofte til usemje. Å bevare stadnamn gjennom dei sentrale historiske dokument bygdebøkene er, er viktig, men vanskeleg dersom same namn skal nyttast i fleire former. Slektsnamn er privat eigedom, og blir i bygdebøkene skrivi slik eigaren nyttar dei. Stadnamn er vår felleseige, og skal vernast mot forvanskingar.

Valdres Historielag og Valdres Bygdebok vil difor understreka at me må unngå ei lov som fører til øydelegging av viktige kulturskattar og til unødige strid om skrivemåtar i bygdebøker og anna historisk framstilling.

Samrøystes vedtak på årsmøte for dei to organisasjonane, 2/6 2012.